

## KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2016

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden til Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

Samtalegrupper for yngre personar med demens

### Prosjektnummer

HV1214

### Prosjekteigar

Stavanger HF, mottaksklinikken, Hukommelsespoliklinikken/Geriatrisk poliklinikk

### Prosjektleder

Mari Anne Fjalestad, Spesialsjukepleiar Klinisk spesialist. mari.anne.fjalestad@sus.no

### Kort om bakgrunnen for prosjektet. Kva er det ein ønskjer å forbetre?

I 2012 blei det oppretta ein hukommelsespoliklinikk ved SUS. Nokon av dei som kjem hit med mistanke om demens, er under 65 år. Dei blir fulgt opp individuelt gjennom utredning og etter at diagnosen er stilt. Vi har ikkje noko gruppetilbud til desse. Fleire har uttrykt at dei saknar eit slikt tilbud. Me som arbeider ved Hukommelsespoliklinikken meiner det er behov for å lage ein møtestad for yngre personar med demens der dei kan treffe andre i same situasjon med høve for erfaringsutveksling, gjensidig støtte, få informasjon og prøve ut nye mestringsstrategiar. Dette er også i tråd med anbefalingar frå Nasjonalt kompetansesenter i Aldring og helse og Helse og omsorgsdepartementet, jamfør demensplan 2015 og 2020.

### Korleis skal forbetringa gjennomførast?

Starte samtalegrupper for yngre personar med demens som er tidleg i demensforløpet.

Møte 2 timar på dagtid, kvar 3. veke. 5-8 deltakerar og 2 gruppeleiarar.

Samtalegruppa skal ha fokus på problemløysning i forhold til deltakaranes utfordringar i kvardagen relatert til demenssjukdommen.

Det vil bli vurdert å tilby kurs/undervisning til deltakarane, eventuelt besøke aktuelle dagsenter/aktivitetar for denne gruppa.

Gruppa drivast eit halvt år om gongen. Deltakarane kan fortsette på neste gruppe dersom dei ynskjer det og har utbytte av å gå i gruppa.

Likemannsprinsippet vil vere viktig, samt at gruppa drivast av fagfolk med kunnskap og erfaring om demens.

### Kva skal målast for å følgje om tiltaka ein set i verk blir følgde og har effekt (prosess og resultatmål)?

Demenssjukdom medfører ei gradevis forverring av funksjonsnivå. Det er difor ein utfordring å finne gode evalueringsverktøy for å måle effekten av å gå i samtalegruppe.

Evaluering blir gjennomført ved hjelp av muntleg evaluering i etterkant av gruppemøta, samt at gruppeleiarane skriv eit kort referat som omhandlar dagens tema.

I tillegg vil det vurderast om deltakarane skal få utlevert evalueringsskjema.

### Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Dersom det viser seg at dette er eit godt tilbud, ynskjer vi at tilbudet implementerast i drifta etter prosjektperioden. Eventuelt må vi vurdere om andre gruppetilbud er betre egna.

### Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Tiltaket er i tråd med demensplan 2020 i forhold til oppfølging etter at diagnosen er satt.

Kunnskap og erfaringar delast med andre interesserte innan fagfeltet.

### Oppstarttidspunkt

Våren 2016

**Sluttidspunkt** Hausten 2017, med ynskje om implementering i drift etter dette.

